

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUGDato: 25.06.2018  
Vår ref.: 2018/8475-10  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefagleg fråsegn - Gnr. 30 bnr. 1 - Utbetring og omlegging av Håtuftvegen - Meland kommune

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi innanfor det aktuelle området. I samband med ovanfor nemnde sak varsla Hordaland fylkeskommune ei arkeologisk registrering. Registreringa vart utført 6. og 7. juni 2018 og det vart ikkje registrert automatisk freda kulturminne innafør planområdet. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, andre ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Når det gjeld nyare tids kulturminne ber me om at det tas spesielt omsyn til den SEFRAK-registrerte potetkjellaren som ligg på gnr. 30, bnr. 3. Potetkjellaren er eit godt bevart kulturminne som me oppmodar kommunen å sikre då den er eit kulturminne med lokal- og regional interesse. Meland kommune har eit sjølvstendig ansvar for å forvalte eigne verneverdige kulturminne. Det er eit nasjonalt mål at tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.

Monika Cecylia Serafinska  
fung. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*